

Den kulturelle skulesekken

Strategiplan for Gol kommune

2008 – 2011



Foto: Håkon Bøygard

Vedtatt av Gol kommunestyre 12.02.2008, sak 6/08

1. Innleiing

Den kulturelle skulesekken (DKS) blei introdusert som eit nasjonalt tiltak i 2001 der føremålet var å sikre eit profesjonelt kulturtilbod til alle elevar i grunnskulen.

DKS er eit samarbeidstiltak mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskningsdepartementet.

Sekretariatet er lagt til ABM-utvikling, Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

DKS er finansiert med statlege spelemidlar og midlar frå fylkeskommune og kommune.

Buskerud fylkeskommune gir gjennom abonnementsordningar kommunane eit omfattande tilbod innan scenekunst, bildande kunst, musikk og litteratur. I tillegg inngår prosjekt innan kulturarv og lokalhistorie, som t.d. Terra Buskerud, Buskeruds historie på internett, i det regionale DKS-tilbodet.

Gol kommune legg til rette for ytterlegare tilbod innan musikk, dans, film, scenekunst, litteratur og kulturvern og det blir lagt vekt på å bruke lokale og regionale kulturarbeidarar som formidlarar og instruktørar for eigenaktivitet.

2. Evaluering av forrige plan

I 2004 vedtok kommunestyret "Den kulturelle skulesekken. Handlingsplan for Gol kommune". Intensjonen med planen var å innføre og etablere Den kulturelle skulesekken i grunnskulen (og barnehagen) i Gol kommune samt få ein samla plan for kva elevane skulle få av kulturopplevingar og korleis formidlinga skulle skje.

Planen har resultert i eit større tilbod av kunst- og kulturopplevingar innan musikk, scenekunst, dans, biletkunst, litteratur og film formidla av profesjonelle kulturarbeidarar og den har bidratt til å synleggjera og auke den kulturelle eigenaktiviteten i grunnskule og barnehage. Dermed er målsetjingane for handlingsplanen langt på veg oppnådd.

3. Grunngeving og forankring

DKS er forankra i desse sentrale dokumenta:

* Handlingsplanen *"Broen og den blå hesten"* (KUF og KD 1996) la vekt på eit auka samarbeid mellom skuleverket og kunst- og kultursektoren

* *St.meld. nr. 38 (2002–2003) Den kulturelle skulesekken* omhandlar verdier og målsetjingar med DKS.

* *St.meld. nr. 39 (2002–2003) Ei blot til lyst – Om kunst og kultur i tilknytning til grunnskolen.*

* *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen, L97* (KUF 1996) understrekar at skulen skal vere ein stad der barn og unge møter profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet, og der dei blir inspirerte til eigenaktivitet.

* *Læreplanverket for Kunnskapsløftet* seier m.a. at elevane skal få utvikle glede ved å møte kunstnariske uttrykk og kunne utforske og utfalde sine egne skapande krefter.

* *St.meld. nr. 8(2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida* omhandlar vidareutviklinga av DKS i åra som kjem, inkludert utviding til vidaregåande opplæring.

* *Strategiplan for Den kulturelle skulesekken. Buskerud fylkeskommune 2005–2008* gjer greie for organisering, tilbod og ressursar til DKS i Buskerud fylke



4. Rolle og ansvarsfordeling


4.1 Buskerud fylkeskommune:

Fylkeskommunen er samarbeidspartner for kommunen i arbeidet med DKS. Fylkeskommunen fordeler dei statlege ressursane og tildeler fylkeskommunale midlar.

Gjennom abonnementsordningar sender fylkeskommunen ut turnear til kommunane innan

- Scenekunst v/Brageteatret
- Visuell kunst v/Pilotgalleriet
- Musikktilbod v/ fylkets musikkprodusent i samarbeid med Rikskonsertane.
- Litteraturtilbod v/Buskerud fylkesbibliotek

I tillegg er fylkeskommunen ein viktig samarbeidspartner og rådgjevar for kommunane i arbeidet med DKS og står som arrangør av nettverksmøte og kurs. Det er oppretta partnerskapsavtale mellom Buskerud fylkeskommune og Gol kommune om dette samarbeidet.



4.2 Fylkesmannen i Buskerud:

Fylkesmannen er gitt i oppdrag frå Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD) å samarbeide med fylkeskommunen om DKS. Fylkesmannen skal bidra til fylkeskommunen sitt arbeid med plan for utvikling og gjennomføring av DKS-tilbodet i fylket, og legge til rette for god dialog med kommunar og skular.

4.3 Gol kommune:

DKS er lokalt forankra i den enkelte skule i tråd med gjeldande læreplanverk. Gol barnehage er innlemma i DKS .

Avdelingsleiar for kultur og informasjon er kommunekontakt og bindeleddet mellom skular/barnehagar og fylkeskommunen.

Rektor og barnehagestyrar har overordna ansvar for at DKS blir gjennomført ved den enkelte skule og barnehage.

Ved kvar skule er det ein kulturkontakt med ansvar for tilrettelegging og mottak av produksjonane frå fylkeskommunen.

5. Organisering

5.1 Kommunekontakt:

Avdelingsleiar for kultur og informasjon er kommunekontakt for DKS i Gol kommune. Kommunekontakten skal vera bindeleddet mellom kommunen og fylkeskommunen, og har ansvaret for samordninga av arbeidet med DKS på lokalt plan.

Kommunekontakten er leiar for den lokale DKS-arbeidsgruppa, kallar inn til møte og fører referat.

5.2 Kulturkontaktane:

Ved kvar skule og i barnehagen skal det vera ein kulturkontakt.

- ✚ Kulturkontaktane har ansvaret for å leggje til rette for kulturell formidling og å setje denne i samanheng med heile verksemda i barnehagen og skulane.
- ✚ Kulturkontaktane har ansvar for samordning av kulturtilboda ved den enkelte skulen og i barnehagen.
- ✚ Kulturkontaktane skal vere bindeledd mellom skulen og kunstnarar/kulturarbeidarar som blir nytta i undervisninga.
- ✚ Kulturkontaktane har ansvaret for at skulane er førebudd og legg til rette for turnebesøk.
- ✚ Kulturkontaktane har ansvar for å informere om dei kulturtilboda skulen legg til rette for.
- ✚ Kulturkontaktane skal vere med og innarbeide kulturtilbod i årsplanane.

5.3 Arbeidsgruppe.

Det skal vere ei lokal arbeidsgruppe for DKS i Gol kommune. Gruppa skal ha ein vesentleg funksjon som kontakt- og planleggingsforum, samt vere samordnar og formidlar av kulturelle aktivitetar og tilbod til skular og barnehage.

Arbeidsgruppa skal vere samansett av:

- ✚ Kommunekontakten
- ✚ Skulefagleg rådgjevar
- ✚ Kulturskulerektor
- ✚ Biblioteksjef
- ✚ Kulturkontaktane ved ungdomsskulen og barneskulane
- ✚ Kulturkontakt for Gol barnehage.

6. Ressursar

6.1 Statlege og regionale ressursar.

Den statlege satsinga på DKS blir finansiert av overskotet til Norsk Tipping (spelemidlar). I 2007 utgjorde dette i alt 167 mill. kroner. 80% av midlane er øymerka lokale og regionale tiltak, og blir forvalta av fylkeskommunane. Av den statlege overføringa til Buskerud fylke blir 1/3 fordelt til kommunane etter fordelingsnøkkelen for kvalitetsutviklingsmidlar i grunnopplæringa. For Gol kommune har dette dei siste åra utgjort kr. 70 950. Kommunane kan ikkje pårekne at denne summen blir auka dei næraste åra. Midlane blir brukt til lokale aktivitetstiltak og blir fordelt til skular og barnehage etter fordelingsnøkkel utarbeidd av den lokale arbeidsgruppa. Dei stalege/regionale midlane kan ikkje brukast til administrasjon og kompetanseheving.

6.2 Lokale ressursar.

Det er avsett øymerka midlar på kulturbudsjettet (p.t. kr. 45 000), som blir brukt på abonnementsordningane innan teater, musikk, visuell kunst og litteratur. Midlane gir også rom for innkjøp av tilbod frå profesjonelle kulturutøvarar.

I tillegg brukar skulane egne midlar til gjennomføring av prosjekt som kan definerast under DKS, som t.d. filmprosjekt og lokalhistoriske prosjekt inklusiv turar til museum og andre historiske plassar i nærmiljøet. Det er viktig å få synleggjort desse ressursane i dei årlege aktivitetsplanane og ved rapporteringa til fylkeskommunen.

På ulike nivå i kommunen blir det brukt til dels betydelege personalressursar på arbeidet med Den kulturelle skulesekken; dette gjeld fyrst og fremst kommunekontakten og kulturkontaktane på skulane. For å auke samhandlinga og kvalitetssikre innhaldet i DKS i kommunen, må det setjast av ressursar til dette arbeidet.

Auka satsing på kunst og kultur føreset engasjert og kvalifisert personale og bevisst bruk av innleigd kompetanse. Dette må sikrast gjennom nettverkssamlingar, kurs og etterutdanning. Det må setjast av eigen pott til kompetanseheving innan DKS, slik at kommunekontakt, alle kulturkontaktar og medlemmer i arbeidsgruppa og andre interesserte har høve til å ta del på kurs og samlingar uavhengig av eige budsjett.

6.3 Budsjett

| | |
|--|------------|
| Abonnementsordninga, Buskerud fylkeskommune | Kr. 30 000 |
| Lokale tiltak (konsertar, teaterframsyningar, utstillingar m.m.) | Kr. 70 000 |
| Reisekostnader til konsertar, utstillingar m.m. | Kr. 20 000 |
| Kompetanseutvikling | Kr. 20 000 |
| Personalressursar | Kr. 25 000 |

7. Mål

7.1 Nasjonale mål:

- Å medverke til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod
- Å legge til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjere seg kjent med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag.
- Å medverke til å utvikle ei heilheitleg innleming av kunstneriske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulens læremål.

7.2 Regionale mål for Buskerud fylke:

- Formidle kunst og kultur på ein måte som gjer elevane i stand til å møte kulturelle utfordringar i dag og i framtida, på ein reflektert og konstruktiv måte.

Føresetnad for måloppnåing er at den kulturelle erfaringa blir gitt gjennom opplevingar og eigenaktivitet. Alle elevar i fylket skal ha lik tilgang på kulturtilbod gjennom DKS, uansett bustadkommune.



7.3. Lokale mål for Gol kommune:

DKS skal legge til rette for at barn og ungdom i Gol lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med, og få eit aktivt og positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag.

Målgruppa til DKS er barn i Gol barnehage og elevane i grunnskulen i Gol kommune.

Den kulturelle skulesekken i Gol kommune skal :

- ✚ Gi god innsikt i lokal kultur og lokale kulturtradisjonar.
- ✚ Gi opplevingar, kunnskap og refleksjon knytta til uttrykksformene
 - >film
 - >teater
 - >dans
 - >musikk
 - >litteratur
 - >visuell kunst
 - >arkitektur
- ✚ Gi alle barnehagebarn og grunnskuleelevar i Gol kommune innsikt, kompetanse og skaparglede innanfor kunst- og kulturuttrykk
- ✚ Gi kjennskap, kunnskap og forståing av norsk kultur.
- ✚ Gi kjennskap, kunnskap og forståing av kulturar i andre land. Dei kulturar som er representerte på Gol skal spesielt koma til uttrykk.
- ✚ Kulturaktivitetar og kulturformidling skal stå sentralt.
- ✚ I opplæringa skal ein leggje stor vekt på kreative uttrykksformer, opplevingar og refleksjon.
- ✚ Opplæringa må gi elevane høve til å utfalde egne skapande evner.

For kvart skuleår skal det utarbeidast aktivitetsplan for den kulturelle skulesekken, der lokale prosjekt og tiltak blir konkretisert. Aktivitetplanen må innarbeidast i skulanes og barnehagens arbeidsplanar.